

KONF  
IRM  
AN  
20 ✠ 26



DEN NORSKE KYRKJA  
Os kyrkjelyd



## Ei tid for nye opplevingar!

### Tenkle

Kva vil du stå for? Fins det ein Gud? Kva vil du tru på? Kva vil du ikkje tru på? Du kan velgje sjølv kva du vil tenke, og det fins ingen fasit. Men for å kunne velgje er det lurt å vite.

Som konfirmand i kyrkja, kan du få lære meir om kva kristen tru er, og kva svar kristne har funne i si tru opp gjennom tidene. Og kva betyr det eigentleg å tru at alle menneske er skapt i Guds bilete og har uendeleig verdi?

### Saman

Konfirmanttida handlar og om å bli kjend med nye menneske, ha det gøy og oppleve nye ting saman. Saman med ungdomsleiarane våre får du ta del i leiker, sketsjer, samtaler, og konkurransar. Som kristne trur vi at Gud skapte heile livet, ikkje berre den alvorlege praten.

### Konfirmasjon for alle

Kristen tru handlar om at vi alle er skapte av Gud. Uansett kor ulike vi er, så er vi alle like mykje verdt. Det gjer oss til eit mangfaldig fellesskap, av både eigenskapar og behov.

Uansett funksjonsevne har du rett til ei god konfirmandtid. Vi har eit eige konfirmantopplegg for deg som treng litt ekstra tilpassing; «Rom for deg». Meld deg på denne gruppa i påmeldinga og vi lagar eit opplegg som passar for deg.

### Konfirmasjonsdatoar 2026

Laurdag 2. mai – Nore Neset kyrkje  
Sundag 3. mai – Os kyrkje  
Laurdag 9. mai – Os kyrkje  
Sundag 10. mai – Nore Neset kyrkje

Du kan velgje mellom desse klokkesletta:

- **10.15**
- **12.00**
- **13.45**



# Konfirmant i Os kyrkjelyd

## Konfirmantopplegg

Konfirmantopplegget er knytt til ungdomsarbeidet i Os kyrkjelyd.

Alle konfirmantsamlingane skjer om onsdagane. Tidspunkt og oppmøtefrekvens er ulikt etter kva aktivitetsgruppe du vel. Samlingane inneheld aktivitet, leik, undervisning og fellesskap.

## Påmelding

Gå inn [kyrkja.no/os](http://kyrkja.no/os) og klikk på sida "Konfirmasjon". Her har vi samla all informasjon om konfirmantåret, aktivitetsgruppene og påmeldinga. Du kan også scanne QR-koden, så kjem du rett til nettsida.

Ønskjer de særskild tilrettelegging, gjer du beskjed om dette ved påmeldinga.

## Leir

Leiren er, for dei aller fleste, høgdepunktet i konfirmanttida. Alle konfirmantane får reise på leir. Du reiser på leir saman med aktivitetsgruppa di. Du finn meir informasjon om grupper og leir på nettsida.

## Konfirmantavgift

Det kostar 2000,- å vera konfirmant i Os kyrkjelyd. Familiens økonomi skal ikkje vera eit hinder for konfirmanttida. Ta kontakt om de har behov for støtte eller tilpassing, så finn vi ei løysing saman.



Informasjon og  
du her!



## Viktige datoar

### Tysdag 3. juni kl. 18:00

#### **Informasjonsmøte** om

konfirmantåret 2025/2026. Her får du høre meir om konfirmantopplegget vårt.

**Vel møtt i Storsalen i Tunet** – både du som er sikker, men og du som er usikker på om du vil konfirmerast i kyrkja.

### Måndag 9. juni kl. 09:00

#### **Påmeldinga startar!**

**Føresette** melder konfirmanteren på, og saman vel de aktivitetsgruppe, konfirmasjonsdato og klokkeslett.

Når gruppealternativa vert fulle forsvinn dei frå lista som alternativ, så det er lurt å melde seg på så snart de kan!

#### **Trygg konfirmasjonstid**

Det er viktig for oss, og trygt for konfiranteren, at de melder frå om særskilde behov frå starten av, enten i påmeldinga eller ved å ta kontakt med oss.

## Samarbeid med heimen

### **Samarbeid**

Vi er svært takknemlege for at foreldre og besteforeldre stiller opp i dei ulike oppgåvane vi har behov for å dekkje. Kryss av ved påmeldinga kva de kan bidra med av desse oppgåvene:

- **Lage mat til konfirmantsamling:**  
kl. 14.00 – 16:00
- **Vaksenstøtte på samling:**  
kl. 15:30 – 18:00
- **Foreldre på leir/overnattning**

**Saman legg vi til rette for ei fin konfirmasjonstid med gode opplevelingar!**

## Kontaktinformasjon

**E-post:** os.konfirmant@kyrkja.no

**Nettside:** kyrkja.no/os